



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2014/111	<i>Arkiv:</i> U60	<i>Avd/Saksansv:</i> SER/KVAKAR
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr 14/2014	Utval Livsløpsutvalet	Møtedato 05.03.2014
-------------------------------	---------------------------------	-------------------------------

Høyringsuttale: Endringar i alkohollova - opningsdagar for sal av alkoholhaldig drikk m.v.

Tilråding:

Vedlegg

1 Høyring om endringar i alkohollova - opningsdagar for sal av alkoholhaldig drikk mv.

Saksopplysningar:

Det ligg føre høyringsnotat frå Helse- og omsorgsdepartementet om endringar i alkohollova; jfr. vedlegg.

I høyringsnotatet foreslår ein at det vert opna for at AS Vinmonopolet kan halde butikkane opne jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan. Ein foreslår også at det vert opna for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkeavstemming.

Etter gjeldande bestemmelsar i alkohollova er sal frå AS Vinmonopolet sine utsal forbode på søn- og heilagdagar, 1. og 17. mai, jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan og på røystedagane for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.

Når det gjeld daglegvarebutikkar kan sal og utlevering av alkoholhaldig drikk (t.o.m. 4,7 volumprosent) ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. og 17. mai, og på røystedagane for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.

I tillegg vert høyringsinstansane bedne om å vurdere om det bør gjerast endringar i regelverket for når det kan skje utlevering av alkoholhaldig drikk bestilt via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet.

Etter gjeldande lovverk må slik utlevering av alkoholhaldig drikk skje innanfor Vinmonopolets opningsdagar- og tider som etter alkohollova kan vere mellom kl. 08.30 og 18.00 på kvardagar og kl. 08.30 og 15.00 på laurdagar.

Vurdering og konklusjon:

Lettare tilgang til alkohol fører til meir forbruk. Auka forbruk fører til større skadeverknader av alkoholen. Skadeverknader fører til sosiale problem og at hjelpeapparatet må byggast meir ut. Bakgrunnen for forboda mot sal på jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan og på val- og folkeavrøystingsdagar er at "tilgjengelighetsbegrensinger" verkar hemmande på forbruket som igjen påverkar skadeomfanget. Det vert understreka at grunnen til forbod dei nemnde dagane har kulturelle og historiske årsaker.

Departementet meiner at "tiden har løpt fra" forbodet mot sal på valdagane. Formålet med forbodet var å understreke det høgtidelege ved valhandlinga og å forebygge at personar møter rusa opp for å stemme. Ein peikar imidlertid på at skjenkeforbodet på valdagar er allereie oppheva og at mange røystar på førehand. Departementet konkluderer med at forbod mot alkoholsal på valdagen dermed blir ein symbolregel utan innhald.

Men må nødvendigvis all symbolpolitikk og det som mange oppfattar som gode tradisjonar opphevast?

Når det gjeld jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan vert situasjonen noko annleis. Som det står i høyringsnotatet er desse dagane knytt til høgtider og for mange til langfri. Dette er periodar som ein veit det blir konsumert mykje alkohol og der behovet for vern kan vere ekstra stort.

Departementet sin konklusjon vert likevel at sal frå Vinmonopolet på desse dagane har marginale konsekvensar, m.a. fordi sal av øl mv. frå daglegvarehandelen uansett er lovleg desse dagane.

Det er ikkje noko "folkekrav" om at Vinmonopolet skal halde ope desse dagane. Publikum er vande med at polet er stengt på desse fire "aftenane" og innrettar seg etter det. Det kan då kanskje verke noko unødvendig å opne for sal på Vinmonopolet desse dagane. Som understreka ovanfor: Lettare tilgang til alkohol generer meir forbruk.

Når både nasjonale og lokale mål (jfr. rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteke i k.styret 28.01.14) er å redusere totalforbruket av alkohol, kan ein stille spørsmål om det er mogleg å nå dette målet når ein foreslår at tilgangen til alkohol skal verte lettare.

I tillegg til desse konkrete forslaga til endringar i alkohollova, vert det som opplyst ovanfor bedt om at ein vurderer om det er naturleg å gjere endringar i noverande regelverk for utlevering av alkoholhaldig drikk bestilt frå polet. Er det fornuftig å følgje salstidene for øl (kl. 20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på laurdagar) dersom ein skal gjere endringar her? Eller ser ein ingen grunn til å endre noverande regelverk?

Saka vert lagt fram for livsløpsutvalet.
Administrasjonen legg ikkje fram tilråding.

Fiskå, 03.02.2014

Gudmund Sandnes
rådmann

Kåre Kvangarsnes
konsulent